



Hordaland fylkeskommune
Fylkesutvalet

hfk@hfk.no

Dato: 26.09.2014

Høringbrev - Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Bjørgvin bispedømeråd handsama Høyringsutkastet til Regional kulturplan for Hordaland i møte 5.10.2014.

Bispedømerådet reagerer på at kyrkja og trussamfunna sine roller i den kulturelle kvardagen for folk flest, ikkje er nemnde i utkastet til regional kulturplan. Kyrkja har mykje å gje, blant anna når det gjeld å sikre positive oppvekstmiljø for born og unge og som produsent og formidlar av kyrkjemusikk. Kyrkja har ei sentral plass både i arenautvikling, inkluderings- og mangfaldsutvikling og i verdiskapingssatsinga.

I Kulturutredningen 2014 (NOU 2013:4) er kyrkja si rolle som sentral kulturaktør og kulturarena framheva:

«15.5.3 Kirken

Den norske kirke har som folkekirke en særlig rolle som formidler av kulturarven, slik den er innvevd i kirkebygg og menneskers livsriter. Den norske kirke har en landsdekkende kulturell infrastruktur med tilstedeværelse i alle landets kommuner. Kirken er en viktig arena for kirkemusikk, visuell kunst og andre kulturaktiviteter, herunder både profesjonell virksomhet og amatørkultur, som kor, fritidsklubber, danse- og teatergrupper. Den framstår flere steder i landet også som en viktig kulturprodusent. Kirkebyggene er sentrale kulturarvbærende arenaer som utvalget regner som en del den kulturelle grunnmuren.»

Bjørgvin bispedømeråd har desse forslaga til justering i Handlingsprogrammet:

5.1 Endringar i busetnad og infrastruktur

2. Innsatsområde Arenautvikling - infrastruktur

Mål:

1.Hordaland skal ha god dekning av kultur- og idrettsarenaer som er tilgjengelege for alle, og som legg til rette for aktivitet og oppleving

2.Kulturpolitikken skal legge til rette for tilgangen til både regionale og lokale kultur- og idrettsanlegg, kulturminne, kyrkje, kulturlandskap og aktivitetsområde.

Tiltak: B Prøve ut modellar for sambygging/samdrift av kyrkje, kultur og idrettsarenaer



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

5.2. Formidling og deltaking

5. Innsatsområde Inkludering

Mål:

Kulturlivet i Hordaland skal vere prega av mangfald, likeverd og likestilling

Tiltak A. Styrke mangfaldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskild merksemd
Ansvar Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga
Partnarar Kommunane, Det felles innvandrarråd i Hordaland, **Den norske kyrkja og andre trussamfunn.**

5.3 Verdiskaping

18. Innsatsområde Utvalde kulturminnekategoriar

Mål: Kulturminnekategoriar der Hordaland merkar seg ut skal gjevast særskild merksemd i planperioden.

Nytt tiltak


B. **Bidra aktivt i utviklinga av Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten som ein St. Olavs veg og ein europeisk kulturveg med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader.**

Ansvar: Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga

Partnarar: Kommunane, musea, Den norske kyrkja, Reiselivet, frivillig sektor

Med helsing


Jan Ove Fjelltveit e.f.
Stiftsdirektør


Ragna Sofie Grung Moe
Seniorrådgjevar